

## REFERAT ÅRSMØTE 26. AUGUST 2020

**STAD:** Varmestove Bjørkelia

**TID:** kl 18:00 – 19:00

**MØTEDELTAKARAR:** Fabian Bergqvist, Hilde Kristin Hårklau, Thorbjørn Erland, Lillian Vasstein, Atle Hamar, Leon Gjerland, Britt Kari Vasstein

### **SAK 1: Opning av årsmøte**

Styreleiar i Jølster IL Alpin, Fabian Bergqvist, opna årsmøtet.

### **SAK 2: Val av ordstyrar**

Fabian Bergqvist vart forslått som ordstyrar.

#### **Vedtak:**

Årsmøtet valde Fabian Bergqvist til ordstyrar.

### **SAK 3: Val av referent**

Hilde Kristin Hårklau vart foreslått som referent.

#### **Vedtak:**

Årsmøtet valde Hilde Kristin Hårklau til ordstyrar.

### **SAK 4: Val av to personar til å signere årsmøteprotokoll**

Britt Kari Vasstein og Lillian Vasstein vart foreslått til å signere årsmøteprotokoll.

#### **Vedtak:**

Årsmøtet vedtok Britt Kari Vasstein og Lillian Vasstein til å signere årsmøteprotokollen.

### **SAK 5: Godkjenning av sakliste**

#### **Vedtak:**

Årsmøtet godkjente saklista.

### **SAK 6: Gjennomgang og godkjenning av årsmelding for 2019**

Ordstyrar gjekk gjennom årsmeldinga for Jølster IL Alpin for 2019.

#### **Vedtak:**

Årsmøtet godkjente årsmeldinga for 2019.

### **SAK 7: Gjennomgang og godkjenning av årsrekneskap for 2019**

Styremedlem og kasserer i Jølster IL Alpin, Leon Gjerland, gjekk gjennom rekneskapen for 2019. Den økonomiske situasjonen i gruppa er tilfredsstillande.

#### **Vedtak:**

Årsmøtet godkjente årsrekneskapen for 2019.

### **SAK 8: Val av styre**

Før årsmøtet besto styret i Jølster IL Alpin av følgjande medlemmer:

Fabian Bergqvist (leiar), Roger Ellingsund, Leon Gjerland, Lillian Vasstein, Atle Hamar, Thorbjørn Erland, Knut Arild Flatjord, Hilde Kristin Hårklau.

Hårklau og Flatjord har meldt at dei ønskjer å tre ut av styret.

Vidar Taklo og Tore Karlsen er foreslått som nye styremedlemmer. Fabian Bergqvist er foreslått som leiar for ein ny periode.

#### **Vedtak:**

Årsmøtet valde Valde Vidar Taklo og Tore Karlsen til nye styremedlemmer og Fabian Bergqvist til leiar.

### **SAK 9: Inkomne saker**

Det var ikkje meldt inn saker til årsmøtet.